

Bruk av rettleiingsverktøy i praksisrettleiing for lærarstudentar

..... skule samarbeider med grunnskulelærarutdanninga ved Høgskulen i Volda om lærarstudentane si praksisopplæring. I praksisperiodane blir studentane observerte og får rettleiing. Denne rettleiinga skjer ved hjelp av det digitale planleggings- og observasjonsverktøyet MOSO. Dette er ei programvare som gjer det mogeleg å dele kommentarar, bilete og videoar i studentgruppa, og det bidreg til betre tilbakemelding, samarbeid og læringsutbytte for studentane.

I praksisperiodane vil det difor bli tatt bilete og videosekvensar av korleis lærarstudenten arbeider i ulike undervisningssituasjonar. Desse blir brukt saman med observasjonsnotat for å gje best mogeleg tilbakemelding til studenten i rettleiingssamtalane. Alle kommentarar, bilete og videoopptak blir lagra på ein sikker server (ikkje på nettbrett/mobiltelefon). Dette materialet blir sletta etter at studenten er ferdig med lærarutdanninga.

Det er berre studentane, praksislæraren og høgskulelærarar på praksisoppfølging som får tilgang til opptaka. Materialet blir ikkje brukt som forskingsmateriale, men eine og aleine som grunnlag for rettleiing av studentane i studentgruppa i praksisperiodane.

Fokus for observasjonane vil være studenten som underviser. Elevar vil likevel kunne vise på opptaka. Elevane blir informerte om bruk av MOSO av læraren sin. Han/ho vil fortelje om kvifor ein observerer kvarandre på denne måten. Om ein samtykker, kan ein likevel seinare velje å trekke seg. MOSO vil bli brukt inneverande studieår i praksisopplæring i regi av Høgskulen i Volda.

Med venleg helsing

Eivind Hanevik

Studieleiar for Grunnskulelærarutdanningane

Høgskulen i Volda

.....

Rektor

..... skule

Eg har mottatt informasjon om bruk av MOSO i lærarutdanninga si praksisrettleiing

☐ Eg samtykker i at barnet mitt kan bli filma og/eller fotografert i undervisning der MOSO blir brukt til observasjon og rettleiing av studentar.

☐ Eg samtykker ikkje i at barnet mitt kan bli filma og/eller fotografert i undervisning der MOSO blir brukt til observasjon og rettleiing av studentar.

Eleven sitt namn: _____

Dato

Underskrift føresette